Samfunnsplan Stranda kommune 2025-2035

Bilete: Stranda kommune (Stranda.kommune.no).

Stranda kommune

Innhold

Samfunnsplan Stranda kommune 2025-2035 1

Forord 4

Innleiing 5

Styring gjennom plan 5

Organisering og medverknad 6

Visjon: Denne Stranda – Til å vere stolt av 8

Ni satsingsområde 8

Tre hovudmål 8

Sentrale utfordringar og utviklingstrekk i kommunen 10

Økonomisk berekraft 12

1 Næringsliv og sysselsetting- Eit sterkare samarbeid mellom kommune og næringsliv 12

2 Kraftforsyning og infrastruktur: Vi må utbetre infrastrukturen i heile kommunen for å kunne utvikle næringsliv og lokalsamfunn 14

3 Berekraftig utvikling av Stranda kommune som reiselivsdestinasjon 15

..... 17

Sosial Berekraft: 17

4 Kommunale tenester og organisasjonsstruktur- Stranda kommune skal vere ei samskapingskommune der vi finn løysingar saman. 18

5 Attraktivitet og etablering- Stranda skal vere ei attraktiv kommune å busette seg med stort aktivitetsnivå 21

6 Born og unge- Stranda kommune skal gi born og unge ein god og trygg oppvekst 23

7 Integrering- Sikre at innvandrarar buset seg permanent og får tilknyting til staden. 25

.....27

Miljømessig berekraft:.....27

8 Natur, miljø og friluftsliv: Ein betre balanse mellom miljøomsyn og utvikling av lokalsamfunn 27

9 Samfunnstryggleik og beredskap: Vi må vere førebudd på å møte klimaendringar.....31

Referansar 33

Forord

Ei kommune vert aldri ferdig utvikla, difor går vi gjennom alle planar kvart fjerde år, og sjølv om det for mange kan verke meiningslaust å nytte så mykje tid på det, så kan vi alle saman tenke over alt dei siste åra, som ikkje har vorte slik vi trudde i samfunnet vårt. Vi er heldige som bur i Stranda kommune. Med gode grender og ein natur som kan ta pusten frå både fastbuande og over ein million gjestar i året. Stranda er meir enn berre vakker natur; det er ei kommune forma av menneska som bur her, av den rike kulturarven vår, og av den sterke dugnadsånda som kjenneteiknar oss. Denne samfunnsplanen er ikkje berre eit dokument – det er ein visjon, ei rettesnor for korleis vi saman skal utvikle kommunen til beste for alle.

Samfunnsplanen legg grunnlaget for korleis vi skal møte framtida med klokskap, med ansvar for miljøet, og med omsyn til alle aldersgrupper. Vi har ei felles oppgåve: å byggje eit samfunn som er berekraftig, inkluderande og fylt med moglegheiter. Med dette dokumentet skal vi styrkje samhald, stimulere til nytenking og sikre at Stranda fortset å vere ein stad der folk trivst, jobbar og veks opp.

Vi står overfor ei tid med både utfordringar og store moglegheiter. Verda endrar seg raskt, og vi må vere førebudde på å møte alt frå klimaendringar og teknologiutvikling til nye krav innan næringsliv og samfunnsutvikling. I Stranda har vi alltid vist evna til å tilpasse oss, til å ta vare på kvarandre og til å sjå framover med optimisme. Gjennom denne planen skal vi sikre at kommunen er robust, innovativ og klar til å ta vare på komande generasjonar.

Planen inneheld strategiar for korleis vi kan skape berekraftig vekst, styrkje dei lokale arbeidsplassane, og fremje gode helse- og velferdstenester for alle. Vidare legg vi opp til tiltak som sikrar bevaring av vår unike natur, og korleis vi kan bruke den på ein måte som kombinerer næring, rekreasjon og miljøvern.

Eg håper at alle innbyggarar, frå barn til eldre, vil sjå seg sjølv i denne planen og kjenne ei tilknyting til det vi saman skal skape. Lat oss stå saman for å realisere ambisjonane våre og sikre ei lys framtid for alle i Stranda.

Denne Stranda – Til å vere stolt av.

Med venleg helsing

Einar Arve Nordang
Ordførar i Stranda Kommune

Innleiing

Styring gjennom plan

Ein kommuneplan skal synleggjere relevante samfunnsmål og strategiar for planperioden og skape forståing for dei langsiktige utfordringane, tilgjengelege ressursar og aktørsamspelet i ei kommune. Kommuneplanen skal vere sektorovergripande og ha eit tydeleg og sterkt innbyggjar- og samfunnsperspektiv. Dette er perspektiv vi har lagt til grunn i planprosessen med samfunnsdelen til Stranda kommune.

Ein kommuneplan er politikarar og administrasjonen sitt viktigaste styringsverktøy og planen legg føringar for alt planarbeid i kommunen. I planprosessen har politisk forankring vore særleg viktig for at planen skal kunne fungere som eit godt strategisk styringsverktøy. Vi har som mål å styre, leggje til rette for vekst og utvikling, og gjennomføre tiltak i samsvar med plan. Derfor ynskjer vi å knyte planen til budsjettarbeid og handlingsdelen for korleis planen skal følgast opp dei fire komande åra (Miljøverndepartementet, 2012).



Bilete: Kommunale planoppgåver (Regjeringen.no)

I plan- og bygningslova §11-1 står det at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Planarbeidet er forankra i vedteken samfunnsdel i Stranda kommune (2019), nasjonale- og regionale føringar og retningslinjer og sentrale lover og reglar, mellom anna plan- og bygningslova, kulturminnelova, kommunelova m.m. (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2024). Møre og Romsdal fylke er peika ut som berekraftsfylket og det er viktig at Stranda kommune er ein del av berekraftsløftet i fylket. Visjon, mål og strategiar er difor forankra i økonomiske, miljømessige og sosiale berekraftsmål, og dei perspektiva legg føringar for tiltak og løysingar som kan utvikle Stranda kommune for framtida (Miljøverndepartementet, 2012). Ved å følgje opp dei nasjonale og regionale forventningane, vil samfunnsdelen i større grad kunne fungere som eit godt styringsverktøy for Stranda kommune i planperioden 2025-2035.

Organisering og medverknad

Biletet viser Hellesylt (Stranda kommune.no).

I følgje Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, skal kommunane legge til rette for medverknad og involvering av aktuelle partar og interessentar tidleg i planprosessen. Dei nasjonale forventningane oppmodar til at digitale medverknadsløysingar vert teke i bruk i planarbeidet. Gjennom arbeidet med revidering av kommuneplanens samfunnsdel, har Stranda kommune vektlagt viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, og planen synleggjer strategiske val både for kommuneorganisasjonen og kommunesamfunnet. Sentrale samfunnsforhold som næringspolitikk, busetting, beredskap, born og unge, innvandrarintegrering, og vern av naturressursar har fått særleg plass i planen.

Gjennom å nytte samfunnsdelen som eit strategisk verktøy, har vi ambisjonar om å utvikle og gjere Stranda kommune til ein meir attraktiv tettstad for tilflytting av innbyggjarar og etablering av næringsliv. I planprosessen har politisk forankring og medverknad frå innbyggjarar vore sentralt. Planen er skrive utifrå innspel frå medverknadsverkstadar med politikarar, tilsette i administrasjonen og innbyggjarar. Planen byggjer i tillegg på offentlege høyringar og innspel frå folkemøte i dei fire bygdelaga gjennomført i 2019.

I utarbeiding av plandokumentet har vi hatt eit ynskje om at samfunnsdelen til Stranda kommune skal ha eit sterkt innbyggjarperspektiv. I revideringa av samfunnsdelen har vi difor valt å basere planen i hovudsak på politikar-, administrasjon- og innbyggjarperspektivet og innspela dei har vektlagd i medverknadsprosessane. Satsingsområda dei har vektlagt har styrt utarbeiding av planen, måla og strategiane. I planen er det difor nokre perspektiv i samfunnsutviklinga som dei har vore mindre opptekne av. Vi trur at for at samfunnsdelen skal fungere som eit godt styringsverktøy må den politiske forankringa vere sterk. Delen om samfunnsikkerheit og beredskap, kraftforsyning og infrastruktur har kunnskapsgrunnlag frå fagtilsette. Dei andre sju satsingsområda er skrive utifrå innspel frå medverknadsprosessar.

For Stranda kommune har det vore viktig å gjennomføre medverknadsprosessane i forkant av revideringa av plandokumentet. Vi gjennomførte ein to-delt medverknadsprosess, i tillegg til innspela frå folkemøte i dei fire bygdelaga gjennomført i 2019. Innsamla innspel har vi kategorisert, tematisert og vi har utforma satsingsområda i planen utifrå dei kategoriane.

Den første delen var fire medverknadsverkstadar der vi inviterte inn politikarar, administrativt tilsette og aktørar frå frivillig sektor og andre interesseorganisasjonar. Vi hadde godt oppmøte frå politikarar og eksterne aktørar, men mindre oppmøte frå administrativt tilsette. Derfor har vi også hatt intervjurundar med fagansvarlege innanfor satsingsområda i planen.

Tema på dei tre første verkstadane var økonomisk, sosial og miljømessig berekraft; Korleis arbeide med økonomisk, miljømessig og sosial berekraft i kommunen. Korleis kan berekraftsmåla følgast opp utifrå dei utfordringane, behova og moglegheitene som er mest aktuelle for Stranda kommune. Den fjerde verkstaden var med ungdomsrådet, her var tema relatert til mikrourbanisme, stadstilhøyrsle og attraktivitet. For oss er det særleg viktig å legge til rette for ei samfunnsutvikling som gir ungdom stadstilhøyrsle der dei opplever kommunen som attraktiv. Det kan gjere at dei vel å etablere seg på Stranda i framtida.

Den andre delen av medverknadsprosessen var bruk av digitale medverknadsløysingar med nettskjema, der innbyggjarane skanna ei QR-kode på telefonen sin og gav innspel. Undersøkinga var delt i lokalavis, på kommunen si heimeside, sosiale media, hengt opp i bygdelaga, bibliotek ofl. I tillegg laga vi små pop-up mikrourbanismeprosjekt der vi hengte opp QR-koda. Vi nytta ein SØT-modell for å fange opp innspel om situasjonen i dag, ønskeleg situasjon og tiltak for å nå ønska situasjon. Vi valde digitale løysingar fordi ein kan inkludere fleire innbyggjarar i medverknadsprosessen, i tillegg til at det er meir sannsynleg at born og unge deltek.



Biletet viser medverknadstrappa til Arnstein (1969), der Stranda har lagt seg på den øvre delen med samarbeid og medbestemming som viktige perspektiv i medverknadsprosessen.

Visjon: Denne Stranda – Til å vere stolt av.

Ni satsingsområde

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027, er det særleg framheva at kommuneplanlegging skal fremme ei berekraftig utvikling. Det ligg ei forventning om at kommunane skal implementere FN sine berekraftsmål i planlegging. Noreg har utfordringar med å redusere klimagassutslepp, ansvarleg forbruk og ressursbruk, bevare naturmangfald og arbeide for mindre utanforskap og skilnadar i busetnaden (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023). Det er viktig at Stranda kommune tek tak i dei nasjonale utfordringane lokalt og bidreg til å løyse dei gjennom planlegging. I planperioden 2025-2035 har vi valt ut tre hovudmål og ni satsingsområde.

Tre hovudmål

Politikarane i Stranda kommune har valt ut dei tre satsingsområda *Næringsliv og sysselsetting, Attraktivitet og etablering og sikkerheit og beredskap* som hovudmål for planperioden 2025- 2035. Måla er viktig å prioritere for å skape vekst og utvikling både i kommuneøkonomien og i lokalsamfunnet. Stranda kommune har hatt ein utfordrande kommuneøkonomi og det er viktig at vi får ein sunn økonomi slik vi kan ha ressursar til å utvikle oss å nå nye målsettingar saman. Det å vere ei attraktiv kommune for etablering og bli-lyst er sjølve livsnerven i Stranda kommune. For oss er innbyggjarane viktigast. Difor ynskjer vi å satse på at Stranda skal vere ei attraktiv kommune å busette seg med eit stort aktivitetsnivå. Nasjonale myndigheiter oppfordrar kommunane til å prioritere beredskapsplanlegging framover for å sikre tilstrekkeleg matforsyning, energiinfrastruktur, sikkerheit og vere førebudd på klimaendringar og meir ekstremvær. For Stranda kommune er det særleg aktuelt med gode og samordna beredskapsplanar på grunn av risikovurderingane rundt Åkneset.

Satsingsområda i planperioden 2025-2035 er:

Økonomisk berekraft:

- Næringsliv og sysselsetting- Eit sterkare samarbeid mellom kommune og næringsliv.
- Kraftforsyning og infrastruktur: Vi må utbetre infrastrukturen i heile kommunen for å kunne utvikle næringsliv og lokalsamfunn.
- Berekraftig utvikling av Stranda kommune som reiselivsdestinasjon.

Sosial berekraft:

- Kommunale tenester og organisasjonsstruktur- Stranda kommune skal vere ei samskapingskommune der vi finn løysingar saman.
- Attraktivitet og etablering- Stranda skal vere ei attraktiv kommune å busette seg med stort aktivitetsnivå.
- Born og unge- Stranda kommune skal gi born og unge ein god og trygg oppvekst.
- Integrering- Sikre at innvandrarar buset seg permanent og får tilknyting til staden.

Miljømessig berekraft:

- Natur, miljø og friluftsliv: Ein betre balanse mellom miljøomsyn og utvikling av lokalsamfunn.
- Sikkerheit og beredskap: Vi må vere førebudd på å møte klimaendringar.

Sentrale utfordringar og utviklingstrekk i kommunen

Folketalet i Stranda har vore relativt stabilt lenge, men har gått ned med ca. 350 personar frå år 2000 og fram til i dag. Talet er venta å halde seg stabilt fram til 2050, men delen eldre over pensjonsalder aukar med ca. 300 personar (Statsforvalteren i Møre og Romsdal, 2024). At Stranda har ei stor auke i eldre over pensjonsalder, har låg tilflytting og eit behov for å auke, utvikle og behalde nødvendig kompetanse, gjer det viktig at Stranda kommune arbeider strategisk med å bli ei meir attraktiv kommune. Både for tilflytting av nye innbyggjarar, tilbakeflytting av unge vaksne, men også å halde på dei innbyggjarane vi alt har (Statsforvalteren i Møre og Romsdal,2024). Befolkninga i kommunen er konsentrert rundt dei fire bygdelaga: Stranda (kommunesenter), Hellesylt, Geiranger og Liabygda. Medan folketalet på Stranda veks, opplev ein nedgang i dei tre andre bygdene. Dette er ei betydeleg utfordring som får ringverknadar for heile kommunesamfunnet.

Kommunebiletet (2024) til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser at Stranda kommune som organisasjon, scorar høgt på tenesteområda barnehage, barnevern, integrering og busetting av flyktningar. Det kan tyde på at kommunen har både kompetanse og handlingskapasitet til å arbeide vidare med sosiale berekraftsmål. Samtidig scorar kommunen lågt på kommunehelsetenester og omsorgstenester. På same måte som på nasjonalt nivå, er det venta ei aldrande befolkning og nedgang i delen sysselsette i Stranda kommune framover. Det er rekna at 8,5 % av kommunen sin befolkning vil være 80 år og eldre i 2030 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017). Sett saman med krav og forventingar om auka kvalitet i helsesektoren utgjer dette ei utfordring for velferda.

Sentrale utfordringar knytt til folkehelsearbeidet i Stranda kommune er auke i delen eldre, mangel på arbeidskraft og manglar når det gjeld nok og riktig kompetanse i helsesektoren og NAV. I tillegg ser vi ein auke i plagar som følgje av muskel- og skjelettsjukdom, overvekt og fleire yngre med demens. Det tyder på at vi har behov for å arbeide meir strategisk med folkehelsearbeid og auke fokus på helse og livskvalitet i busetnaden.

Stranda kommune scorar lågt på sakshandsaming etter plan- og bygningsloven og samfunnsikkerheit og beredskap. Det gjer at vi bør setje inn fleire ressursar på sakshandsaming og oppdatere ROS-analysar og beredskapsplanar. Kommunen scorar middels godt på Folkehelse, grunnskule, kommuneplanlegging, kommunal økonomi, landbruk og klima og miljø. Som kan tyde på at vi også her må finne gode løysingar og utvikle tenester og tiltak som kan gi innbyggjarane eit betre tilbod.

Kommunen har utfordring med nok kraftforsyning til dei store næringsmiddelsaktørane, landstraum og ladestraum til turistskip og straumforsyning til innbyggjarar og hyttefelt. Straumforsyningssituasjonen har endra seg betydeleg og må stå sentralt på agendaen i utvikling av Stranda kommune. Dersom vi ikkje arbeider strategisk med kraftforsyning og samarbeider med sentrale aktørar, har vi ikkje nok straum til innbyggjarar og næringsliv i framtida.

Innbyggarane i kommunen viser til det gode miljøet i bygdelaga, med stor dugnadsånd og samarbeid som viktig for trivsel. Inndelinga i mindre bygder er med på å skape tilhøyrsle og kjensle av tryggleik og samhald. Oppdelinga fører også til utfordringar når det gjeld å sjå kommunen under eitt og skape ei felles forståing og ønskje av korleis kommunen bør utvikle seg. Det er også utfordringar knytt til å etablere kommunale tilbod i heile kommunen og ha attraktive byggjeklare tomter i alle bygdelag. Befolkninga melder om at auking i turisme påverkar trivselen, dette gjeld særskilt Geiranger, og spesielt i sommarhalvåret.

Verdsarven har gitt oss ein universell status og auka attraktivitet, men òg stort ansvar knytt til forvalting og ivaretaking. Det er viktig at heile kommunen får eigarskap til verdsarven. Ved å byggje kompetanse på verdsarv og natur, kan vi òg leggje grunnlag for auka verdiskaping på feltet. Godt samarbeid med Verdsarvstiftinga og verneområdeforvaltinga kan gje betre utnytting av ressursane og bidra til at vi får til meir.

Samandraget av dei mest sentrale utfordringane i Stranda kommune viser at kommunen må arbeide vidare med å bli ei meir attraktiv kommune for tilflytting og å halde på dei innbyggjarane vi har. Særleg er det viktig å gi born og unge ein god oppvekst slik dei vurderer å flytte tilbake til Stranda når dei etablerer seg. Vi må arbeide mot betre kraftforsyning i heile kommunen, slik vi har nok straum til innbyggjarar, fritidsbustadar og næringsliv i framtida. Kommunebiletet til statsforvaltaren viser at kommunen har enda ein veg å gå på å utbetre dei kommunale tenestene og arbeide meir strategisk med å utvikle og behalde nødvendig kompetanse. Utfordringsbiletet viser at turismen i kommunen bør i større grad utviklast i dialog med lokalbefolkninga, der vi bør prøve å drage fleire synergiar av turismen som kjem innbyggjarane i Stranda til gode.

Økonomisk berekraft

For ei kommune handlar økonomisk berekraft om å forvalte inntekter og ressursar på ein slik måte at økonomien er berekraftig for framtida (KS,2007). Ei økonomisk berekraftig verdiskaping er viktig for å sikre økonomisk vekst og utvikling i heile kommunen. For å arbeide mot betre økonomisk berekraft i Stranda kommune har politikarar, administrativt tilsette og innbyggjarar valt å arbeide mot ei tettare kopling mellom overordna planlegging og økonomiplanlegging, etablere nye og sterkare partnarskap med næringslivet, frivilligsektor og nabokommunar, utbetre kraftforsyninga i kommunen og utvikle eit meir berekraftig reiseliv. Det kan hjelpe kommunen å forvalte inntekter på ein slik måte at ressursbruken i dag ikkje trua velferda til innbyggjarane i framtida.

1 Næringsliv og sysselsetting- Eit sterkare samarbeid mellom kommune og næringsliv

Vi må auke samarbeidet mellom nabokommunar, næringsliv og kommunen slik vi har økonomiske musklar til å utvikle oss saman»

Sitat politikar Stranda kommune.

Kva meiner innbyggjarane i Stranda om Næringsliv og sysselsetting
○ *Stranda har mange gode verksemder med dyktige folk.* ○ *Sentrum dør ut sakte men sikkert. Det er særs krevjande å drive noko her, og ein står på eigne bein utan hjelp frå den lokale banken eller kommunen.* ○ *Kommunen må ha ein aktiv rolle i å utvikle bygda for å få hit nye bedrifter innan nye bransjar, samt utvikling av butikkar mm.* ○ *Vi må etablere tettare samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige lag/organisasjonar.* ○ *Fleire varierte arbeidsplassar, f.eks. kontorfellesskap der en kan ha arbeidsgivar i Oslo men bo å ha hovudbase i kommunen. Fleire arbeidsplassar for dei med høgare utdanning.* ○ *Vi treng gode lærlingordningar i industrien.* *Dette er eit utdrag av innspel frå innbyggjarane i Stranda.*

Bilete: Hellesylt. (Hellesylt.info).

Situasjonen i dag:

Stranda er ei kommune med eit sterkt næringsliv, både store næringsmiddelsaktørar, reiselivsaktørar og regionale aktørar frå fiskeoppdrett har sitt virke i kommunen. I tillegg til offentlege arbeidsplassar, mange småbedrifter og grunderverksemder. Kommunen har låg arbeidsløyse og høg dekningsgrad av arbeidsplassar i både sekundær- og tertiærnæringar. Kommunen har store delar av året svært mange besøkande, hyttefolk og turistar, noko som gir butikkar, arrangørar, kafear og restaurantar eit godt inntektsgrunnlag sjølv om innbyggjartalet i kommunen er relativt lågt. Dei store utfordringane for Stranda kommune er ein svak kommuneøkonomi og manglande samarbeid mellom kommunen og næringslivet. Utan samarbeid med næringsliv, nabokommunar og frivillige organisasjonar, har Stranda liten økonomisk handlingskapasitet til å vere ein god samfunnsbyggjar. Det vil vi prøve å gjere noko med. I planperioden skal vi arbeide med følgjande:

Mål: Samskaping	**Strategi (Dette skal vi gjere)**
Etablere samarbeidsforumet: Denne Stranda	Vidare satsing på samarbeidsforumet *Denne Stranda*. Auke samarbeid med lokalt næringsliv, nabokommunar og styrke næringsklynger i kommunen. Meir samarbeid med lokalt næringsliv i lokalsamfunn- og sentrumsutvikling, og meir interkommunalt samarbeid på tvers av kommunegrensene kan gi gode synergiar for alle partar.
Styrke samarbeidet med verdsarvstiftinga	• Vere ein pådrivar for arbeidsplassar og verdiskaping knytt til verdsarvstatusen. • Styrke produktutvikling og reiselivssatsing med grunnlag i verdsarv, natur- og kulturverdiar. • Profilbygging der verdsarv, næringsmiddelindustri og reiseliv i fellesskap samlar og marknadsfører kommunen i ein heilskap.
Ein meir sirkulær kommuneøkonomi	• Ei større grad av ombruk og oppgradering av eksisterande bygg. • Jakte på ulike nasjonale ordningar om tilskot. • Funksjonar som bustad, skule, næring og handel/service bør lokaliserast tett og kompakt i dei fire bygdelaga.
Tettare samarbeid med dei store reiselivsaktørane som har sitt virke i Stranda kommune	• Kommunen må leggje betre til rette for reiselivsaktørane og reiselivsaktørane må bidra meir med ressursar til vedlikehald av viktige fellesfunksjonar. • Arbeide for at Hamnevesenet skal vere ein del av laget.
Etablere kontor-hub i sentrum i attraktive og moderne lokale	• Vere ein pådrivar for oppgradering av eksisterande bygg i sentrum til moderne lokale der nye og gamle næringar kan etablere seg. • Vere ein pådrivar for å tenke nytt for å skape attraktive arbeidsplassar. Arbeide for å samlokalisere grunderbedrifter og småbedrifter i sentrum. • Arbeide målretta mot at det skal vere enkelt å etablere nye arbeidsplassar i Stranda kommune. • Arbeide strategisk med å sikre næringsareal for framtida.
Styrke frivilligheitssentralen og samarbeidet med Byrg og næringslivet.	• Vere ein pådrivar for betre samarbeid mellom næringslivet og frivilligsektor om Byrg/arbeidstrening. • Samarbeide om løysingar der flyktningar og dei som står utanfor kan kome i arbeid. Samarbeide om å etablere gode dagtilbod for dei som ikkje kan vere i arbeid, der ein kan tilby samtale/rettleiing. • Vere ein pådrivar for å leggje betre til rette for lærlingplassar- både i kommunen og i private bedrifter.

2 Kraftforsyning og infrastruktur: Vi må utbetre infrastrukturen i heile kommunen for å kunne utvikle næringsliv og lokalsamfunn

Situasjonen i dag

For å kunne utvikle næringsliv, turisme og utbygging av bustadar og fritidsbustadar, er vi heilt avhengig av ei betre kraftforsyning. Kommunen har i dag stor mangel på energiinfrastruktur, det gjer oss sårbare for framtida og utfordrar den økonomiske berekrafta i kommunen. Vi treng meir straum både til å kunne forsyne dei store næringsmiddelsverksemdene, forsyne hyttefelt og innbyggjarar, i tillegg til landstraum til turistskip. Dei nasjonale måla om nullutslepp frå cruisetrafikken innan 2032, gjer at Stranda kommune har eit særleg stort behov for å utbetre energiinfrastrukturen. Vi må samarbeide tettare med kraftforsyningsselskapa og sentrale aktørar for å sikre og styrke kraftforsyning, og legge til rette for meir miljøvennleg og energisparande løysingar. Dette skal vi arbeide mot i planperioden:

Mål:	Strategi (Dette skal vi gjere)
Utbetre energiinfrastrukturen i heile kommunen.	• Vere ein pådrivar for at det vert bygt ut fleire kraftverk i kommunen, ha tett dialog med kraftprodusentar og nettleigeselskap. I utbygging bør det vere ein god balanse mellom miljøvern, vern av sårbare naturressursar og kraftutbygging. Inngrep i naturen bør gjerast skånsamt. • Vere i dialog med turistnæringa om utvikling av miljøvennlege løysingar, ny teknologi, miljøvennleg drivstoff, mm for cruise/skipstrafikk.
Betre tilgang på landstraum og ladestraum i heile kommunen.	• Samarbeide med kraftforsyningsselskapa i kommunen om auka kapasitet for landstraum og ladestraum. Etablere betre tilgang på ladestraum både for cruiseskip, båtar, buss, bilar og tungtransport i heile kommunen. • Avsette tilstrekkeleg areal og etablere hurtiglading for lette og tunge køyretøy.
Betre samarbeid med fylkeskommunen om å utbetre kommunikasjon: Ferjeavgangar, kollektivtransport og infrastruktur.	• Arbeide målretta mot fylkeskommunen med berekraftsmål nr 17 «samarbeid om å nå måla». • Samarbeide med reiselivsaktørane om transport for lokalbefolkninga i Stranda kommune- Etablere gunstige ordningar for buss, ferje/båt og parkering for lokalbefolkninga i samarbeid med reiselivsaktørane i dei fire bygdelaga. (Dialog med fylkeskommunen om gunstige vilkår for lokalbefolkning når konsesjon vert gitt eller fornya). Det er meir miljøvennleg å samordne kollektivtrafikk med reiselivsnæringa. • Utvikle infrastrukturen rundt kollektivnettet til dømes gjennom universell utforming og betre tilkomst til haldeplassane. • Samordne reguleringsplanar, ha tett dialog om regulering. • Arbeide med utbetring av trafikkforholda i Geiranger (parkering, tiltak for trafikkflyt, gangveg og utbetring av flaskehalsar).

3 Berekraftig utvikling av Stranda kommune som reiselivsdestinasjon

«For Stranda kommune er reiselivet ei langsiktig inntektskjelde, og ein stor jobbskapar. Reiseliv og cruise er svært viktig for Stranda og verdsarvområdet. Vi må stå saman om utvikling av reiselivet i kommunen».

Sitat Stranda Hamnevesen

Kva meiner innbyggjarane om Stranda som reiselivsdestinasjon

- *Draumen er at Stranda blir ein stor destinasjon innan reiseliv både sommar og vinter. Fleire får augne opp for destinasjonen både turistar, eventuelle tilflyttarar og dei som har flytta her i frå.*
- *Vi må handtere cruisepassasjerar på ein betre måte med tanke på forsøpling, wc-fasilitetar, fleire tilbod.*
- *Lokalbefolkninga som er busett i Geiranger sentrum må få gunstige parkeringsordningar, slik situasjonen er i dag er ikkje haldbart. Når mor mi er på besøk i tre dagar må ho betale fleire tusen kroner i parkeringsavgift!*
- *Vi må ha god infrastruktur, som også tek høgde for utfordringar i turistsesongen.*

Bilete: Geirangerfjorden (Fjordtravel.no).

Situasjonen i dag

Turisme og reiseliv er ei viktig inntektskjelde for mange i kommunen og skapar både arbeidsplassar og attraktivitet. Reiseliv og cruise er svært viktig for Stranda samtidig er det å ta vare på verdsarven viktig for heile turistnæringa. Geirangerfjordområde vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Vi må finne ein god balanse mellom å utvikle reiseliv og ta vare på natur- og kulturarven. Det må vere eit mål i utviklinga av reiselivet at vi tek godt vare på verdsarvverdiane. Natur- og kulturarven gjer området vårt attraktivt, og vi må syte for produktutvikling som foredlar verdiane framfor å overforbruke, slite ned og redusere natur- og kulturverdiar. Samtidig er det ei målsetting i utviklinga av reiselivet at vi minimerer konflikt mellom lokalbefolkning og turisme. Dette kan både vere komplekst og krevjande i ei samfunnsutvikling fordi der er spenningar mellom det å vere ein del av eit verdsarvområde og ta vare på det, utvikle turisme og skape gode og trygge lokalmiljø for innbyggjarane. Det er difor viktig at vi i utvikling av reiselivet kan skape fleire

synergiar som kjem lokale aktørar til gode. I utvikling av kommunen må vi finne ein balanse mellom å skape ein attraktiv reiselivsdestinasjon, ta vare på fjordlandskapet, samtidig som at den utviklinga skapar attraktivitet i dei fire bygdelaga. Turismen og reiselivet må arbeide mot ei meir berekraftig utvikling, der vi tek vare på miljøet, naturressursar, kulturminne og det særeigne ved bygdene til komande generasjonar. Utfordringane knytt til turisme og reiseliv i kommunen er mellom anna at auka turisme utfordrar trivselen i bygdelaga og sett press på miljø og naturressursar. Turisme utfordrar infrastruktur og viktige fellesfunksjonar (parkering, veg, gangveg, toalett), tryggleik og beredskap i turistsesongen. I planperioden har vi følgjande målsettingar:

Mål: Berekraftig utvikling av turisme	**Strategi (Dette skal vi gjere)**
Ta vare på naturverdiar	• Kommunen sit med ein verdsarv med grunnlag i natur, som må takst vare på og det er svært viktig å synleggjere, vere medviten på og arbeide strategisk med å ta vare på naturverdiar.
Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.	• Mobilisere frivilligheit og lokale reiselivsaktørar til å bidra med arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Søke om gunstige støtteordningar. • Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar.
Utvikle turistaktiviteten på Hellesylt i dialog med lokalsamfunn.	• Vere ein pådrivar for å skape turistaktivitetar som også kan skape bli-lyst på Hellesylt og gjere Hellesylt meir attraktivt for busetting. • Vurdere ombruk og oppgradering av eksisterande bygg og lokale. • Innbyggjarane på Hellesylt må vere med i dialogen om utvikling i lag med reiselivsaktørane.
Styrke Geiranger som ein spydspiss og eit fyrtårn i eit berekraftig norsk reiseliv.	• Styrke satsinga på berekraftig reiselivsutvikling i Geiranger med fokus på ivaretaking av verdsarvverdiane, utvikling av attraktive og miljøvenlege opplevingar, og inkluderande og nyskapande samarbeid. • Bidra til å utvikle eit attraktivt sentrum gjennom stegvis utvikling av sentrumsplan og lysplan. • Støtte opp under arbeidet med å spreie reiselivssatsinga over heile året. • Bidra til å sikre føreseieleg kommunikasjonar og infrastruktur til/i Geiranger året rundt
Utvikle fleire attraktive tilbod og utflukter på land for turistar i lag med lokale reiselivsaktørar i dei fire bygdelaga.	Vere ein pådrivar for å utvikle tilbod for turistar som kan etablere betre samarbeid mellom dei fire bygdelaga - Konkurransen om turistane har auka i regionen, vi må stå sterkare saman.
Auke fokus på miljø i turistnæringa og målretta arbeid mot nullutslepp	• Vere ein pådrivar for betre kommunikasjon mellom reiselivsaktørane og samarbeide om informasjonsformidling. • Kommunen bør legge til rette for nullutslepp gjennom arealplanlegging. • Arbeide strategisk i kommunen for å imøtekome krava til nullutslepp fram mot 2032.- Bli Miljøfyrtårn.

Sosial Berekraft:

Kommunebiletet til Statsforvaltaren (2024) viser at Stranda kommune har kompetanse og gode forutsetningar for å arbeide med sosial berekraft. Ei sosial berekraftig utvikling handlar mellom anna om å legge til rette for gode bumiljø og trivsel for ulike grupper, fremme folkehelsearbeid, ha fokus på helse og livskvalitet, sosiale møteplassar og trygge oppvekstmiljø (Nordlandsforskning, 2023). Det å ha fokus på stadstilhøyrsle og stadsidentitet i samfunnsutvikling, kan skape samhald mellom innbyggjarar som er viktig for å utjamne sosiale skilnadar. Eit sosialt berekraftig lokalsamfunn har eit sterkt lokaldemokrati og opne planprosessar der ein sikrar at eldre, unge, innvandrarar og ulike sårbare grupper vert teke omsyn til og blir prioritert i lokalsamfunnsutvikling (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023). Å nytte samfunns- og arealplanlegging som verkemiddel til å utjamne sosiale skilnadar og forebygge levekårsutfordringar, kan sikre ei sosialt berekraftig utvikling i Stranda kommune (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023).

For å arbeide mot betre sosial berekraft i Stranda har politikarar, administrativt tilsette og innbyggjarar valt å arbeide mot å utvikle kommunale tenester og organisasjonsstrukturar, og i større grad enn tidlegare involvere innbyggjarane og andre aktørar som aktive samarbeidspartar og viktige ressursar. Vi vil bli ein betre tilretteleggjar for dei som ynskjer å etablere seg her og samarbeide meir tverrfagleg innanfor dei ulike tenestene. Vi skal ha eit særleg fokus på trivsel og aktivitet for born og unge, slik dei kan få ein god og trygg oppvekst.

4 Kommunale tenester og organisasjonsstruktur- Stranda kommune skal vere ei samskapingskommune der vi finn løysingar saman.

«Kommunen må vere ein aktiv samfunnsbyggjar og tilretteleggjar for dei som ynskjer å etablere seg her».

Sitat politikar Stranda kommune.

Kva meiner innbyggjarane i Stranda om dei kommunale tenestene
○ *Stranda er ein kommune som bryr seg om innbyggarane sine.* ○ *Stranda har god struktur med skule , barnehage og aldersheim i dei ulike bygdelaga.* ○ *Sats på skule og barnehage om vi skal få auka innbyggartal og tilflytting.* ○ *Vi må ha kortare saksbehandling på byggesak, betre oversikt over tilgjengelege tomter. Legge til rette for meir bustadbygging.* ○ *Er bekymra for korleis eldreomsorga vil bli handtert, utifrå eigne erfaringar har tilbodet blitt dårlegare dei siste åra. Redd for at det blir mange eldre som ikkje får den hjelpa dei har krav på, det vil også bli fleire eldre på Stranda i åra framover.* ○ *Vi treng god omsorg for både yngre og eldre med behov. Gode helsetenester.* *Dette er eit utdrag av innspel frå innbyggjarane i Stranda.*

Situasjonen i dag

Dei kommunale tenestene i Stranda skal sikre innbyggjarar eit godt og trygt tenestetilbod gjennom heile livsløpet. Kommunen skal vere ein aktiv samfunnsbyggjar og tilretteleggjar for utvikling av kommunen som organisasjon og samfunn i dialog med innbyggjarane. Kommunen er ei kunnskapsbedrift der våre tilsette er den viktigaste ressursen for å levere gode teneste. Stranda kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar, og må jobbe strategisk med å inkludere, rekruttere og behalde tilsette med rett kompetanse som ønsker å bidra til innovasjon, endring og utvikling.

I planperioden ynskjer vi å gjennomføre ein gjennomgang av alle tenester for sjå på moglegheit for meir rasjonelle og mindre ressurskrevjande tenester. Vi bør tenke utvikling, etablere ein endringskultur i organisasjonen og samordne tenester i større grad enn det vi gjer i dag. Kommunen må i større grad enn tidlegare involvere innbyggjarane og andre aktørar som aktive samarbeidspartar og viktige ressursar. Det stiller krav til medarbeidarar og leiarar, både når det gjelder samskaping og samarbeid knytt til organisering av tenestene. Forbetring og utvikling stiller nye krav til kompetanse i tenestene og til korleis det vert arbeidd. Vi må gi rom for andre sin kompetanse både internt og eksternt, stille spørsmål, tenke løysingar saman og gi rom for å prøve og feile. I dette ligg også fokus på utanforskap og inkludering. Dette skal vi arbeide mot i planperioden:

Mål: Plan, byggjesak og tekniske tenester	Strategi (Dette skal vi gjere)
Vere ein aktiv samfunnsbyggjar og tilretteleggjar for dei som ynskjer å etablere seg her.	• Planlegging skal vere samskaping mellom kommunen, innbyggjarar, politikarar, næringsliv og frivillige organisasjonar. • Nytte reell medverknad, dialog, samhandlingsfora, dialog-verkstadar i planprosessar.
Digitalisering av tenester i plan- og byggjesak.	• Arbeide for gode digitale løysingar. • Meir konkret og synleg informasjon om innhald og prosess i byggjesak på heimesida, det kan gi oss mindre arbeid og auke kapasiteten. Vi bruker stor kapasitet på innsendte byggjesøknadar som er ufullstendige.
Vere tilgjengeleg og ha god dialog om plan- og byggjesak	Sjå moglegheiter og finne gode løysingar saman med dei som vil byggje og dei som bur og eig i reguleringsområde. Vi skal finne gode løysingar saman.
Arbeide meir tverrfagleg innanfor dei tekniske tenestene	• Samordne betre planar, tenester og ressursar i større grad enn vi gjer i dag - Fleire felles kommunedelplanar, temaplanar, samarbeide tettare om felles mål og strategiar. • Dialog og gode planprosessar på tvers av einingane kan vere like viktig som eit endeleg plandokument.

Mål: Helse, omsorg og sosial	Strategi: (Dette skal vi gjere)
Etablere eit godt samarbeidsklima i kommunen om eldreomsorg, helse- og sosialtenester.	• Arbeide strategisk med folkehelsearbeid og auke fokus på helse og livskvalitet i busetnaden. • Arbeide meir tverrfagleg innan helse- og sosialtenester, vere flinke å invitere kvarandre inn i diskusjonar om utvikling av tenester på tvers av einingane. • Vi må bli flinkare til å finne løysingar saman.
Ny sjukeheim.	• Arbeide strategisk for ein ny sjukeheim i tilknyting til eksisterande sjukeheim.
Involvere NAV i større grad i samarbeid, tenesteutvikling og tiltak i kommunen.	• Meir tverrfagleg samarbeid mellom NAV og sosialtenestene– Saman kan vi etablere betre tenester og tilbod derfor må fagområda få fleire ressursar til å arbeide tverrfagleg og kunne hjelpe kvarandre. • Sterkare samarbeid om tiltak retta mot unge vaksne som står utanfor skule, arbeid og NAV-system.
Meir fokus på førebygging og tidleg innsats.	• Tilrettelegging for at alle kan ha eit dagtilbod, uavhengig av alder og funksjonstilstand (t.d. transporttenester). • Profesjonalisere tildeling av tenester (t.d. via felles tenestekontor). • Førebyggande arbeid og tidleg innsats i barnehage, skule, eldreomsorg. Utnytte potensialet i velferdsteknologien.
Utvikle tenester og tilbod i eldreomsorg i lag med eldre og pårørande.	• Tett dialog med eldre og pårørande om utvikling av tenester og tilbod.

	• Forebyggande innsats tidleg alderdom. Vere ein pådrivar for at eldre tek ansvar for eigen alderdom, informasjon om å legge til rette for å kunne bli gamal i eigen bustad. • Utnytte potensialet i velferdsteknologi retta mot eldre- finne meir brukarvennlege løysingar. • Sikre kompetanse for framtida på område som demens, tidleg innsats, pårørande skule, fysioterapi og rehabilitering.
Gjere tilbod om helsestasjon meir tilgjengeleg.	• Fleire ressursar til helsestasjon. • Fleire ressursar til å kunne betre kartlegge flyktningar for fysiske- og psykiske helseutfordringar.

Mål: Oppvekst	**Strategi (Dette skal vi gjere).**
Implementere målsettingar i barnevernsreforma/oppvekstreform.	• Heilskapleg plan for oppvekst med forebyggande plan. • Utvikle og styrke det tverrfaglege samarbeidet om BTI-kommune (Betre tverrfagleg innsats). • Stranda kommune skal jobbe for at barnets stemme og barnets beste skal ligge til grunn for alle våre vurderingar. Det skal vere fokus på menneskesyn og verdiar som fremmar likeverd, mangfald og inkludering. • Samarbeide med nabokommunar og sikre nødvendig og rett kompetanse. • Vi må arbeide for å ha nok tilsette som innehar god nok kompetanse til å stette krava i barnevernslova i arbeidet med undersøking, tiltak og oppfølging av barn. • Utvide «tiltaksbasen» i kommunen for sårbare barn.
Arbeide meir forebyggande mot mobbing, utanforskap og psykiske helseutfordringar blant born og unge i skulen.	• Gjennomføre tiltak i skulen som fokuserer på mental helse, trivsel og meistring. • Opprette og halde meir tilgjengeleg lågterskeltilbod og helsetenester slik som helsestasjon for ungdom, rådgivingstenester og miljøarbeidarar i skulen. • Kompetanseløft for inkluderande samfunn og auke forståing for kvarandre sin kultur i skule og barnehage. • Arbeide for ASK som grunntilbod i barnehagen.
Ny Ringstad skule	• Arbeide for ny barneskule i Stranda, vurdere alternativ om samlokalisering av barneskule og ungdomskule. Då kan vi i større grad utnytte areal og kompetanse.
Fleire felles aktivitetar mellom elevane på skulane i dei fire bygdelaga.	• Skulen må vere ein viktig bidragsytar for å skape eit sterkare fellesskap mellom born og unge i bygdelaga. Arrangere felles skidag, turdagar, kulturarrangement, ungdomsklubb osv. - • Byggje sterkare sosialt samhald på barne- og ungdomsskule: Når elevar på ungdomskulen trivast i lag, er det fleire elevar som vel vidaregåande på Stranda.
Samarbeide med fylkeskommunen om å styrke dei vidaregåande skulane på Stranda.	• Vere ein pådrivar for å oppretthalde tilbod om vidaregåande skule på Stranda.

5 Attraktivitet og etablering- Stranda skal vere ei attraktiv kommune å busette seg med stort aktivitetsnivå

«Aller viktigast er det å ta vare på kvarandre og skape eit godt og inkluderande fellesskap»

Sitat innbyggjar Stranda kommune

Kva meiner innbyggjarane i Stranda om attraktivitet og etablering
○ *Vi har eit godt fritidstilbod når det gjeld idrett, «Urørt natur» og gode friluft- og turmoglegheiter.* ○ *Vi har Strandafjellet som er ein flott stad å stå på ski, samt at det tiltrekker turisme.* ○ *Her er fine innbyggjarar, stå-på-vilje og dugnadsånd. Du får nesten alt du treng her.* ○ *Vi må utvikle sentruma i alle bygder og samarbeide betre på tvers av bygdelaga.* ○ *Stranda må legge til rette for tomter/bustadar i alle bygdelag. Slik vi kan få fleire innbyggarar. Større leilegheitskompleks i alle bygdelag som både yngre og eldre kunne kjøpt/leigd å på den måten frigjort mange einebustadar som f.eks. einslege eldre bor i pr i dag.* ○ *Draumen er at dei unge vender tilbake, bygg bustad her og at vi får folketalsauke. Derfor treng vi byggjeklare tomter.* *Dette er eit utdrag av innspel frå innbyggjarane i Stranda.*

Bilete: Stranda kommunesenter (Stranda kommune).

Situasjonen i dag

Moglegheitene for utbygging og utvikling i bygdelaga varierer og er avhengig av topografi og plassering i høve til andre omsyn. I Geiranger er det ei utfordring at ein ikkje har areal som eigner seg til bustadar som følgje av rasfare og tryggleikssone for flodbølgje ved ras frå Åkneset, eller som kjem i konflikt med andre viktige omsyn som landbruk eller kulturminne. Hellesylt slit med den same problematikken når det gjeld ras og bølgjesone. I dei bygdene er det viktig å vurdere om ombruk og oppgradering av eksisterande bygg kan vere aktuelt i utbygging og fortetting. Liabygda har flotte tomteområde som er solvendte og er sikra mot både ras og bølgje, men ein slit likevel med å få nye tilflyttarar. I tettstaden Stranda manglar ein plangrunnlag for vidare utbygging, men det er potensial for fortetting og utvikling innanfor det eksisterande sentrumet. Mangelen på byggjeklare tomter i dei fleste bygdelaga er ei utfordring som får konsekvensar for moglegheitene til å rekruttere. I tillegg er det i hovudsak berre einebustadar som kan tilbydast, og ein manglar variasjon i bustadtypar som kan føre til at folk kan «prøve-bu» i kommunen før dei kjøpar bustad. I planperioden ynskjer vi å arbeide mot følgjande:

Mål: Attraktivitet og etablering	Strategi (Dette skal vi gjere).
Sentrumsutvikling i Stranda.	• Vere ein pådrivar for å skape eit meir aktivt sentrum. Legge til rette for og støtte oppunder etablering av handel og service i sentrum, samlokalisering av næring, Taxi/kollektiv-ordning. • Sikre at funksjonar som gir byliv (aktivitet) blir lagt til sentrum, slik som bibliotek, offentlege tilbod og kontorarbeidsplassar. • Leggje til rette for og oppfordre til å arrangere fleire arrangement i sentrum. Samarbeide om utvikling med lokalt næringsliv, frivilligsentralen og frivillige organisasjonar.
Auke kultur, idrett og fritidstilbod.	• Støtte oppunder fleire kulturtilbod, fritidsaktivitetar, møteplassar og naturbaserte aktivitetar. • Halde ved like leikeplassar, parkar som er tilpassa ulike aldersgrupper. • Regulere tilstrekkeleg areal til turstiar, og badeplassar - Leggje til rette for bryggje på badestrender og andre naturbaserte fritidsaktivitetar. • Arbeide for naturvenleg tilrettelegging av stiar med variert vanskegrad og tilknyting til alle bygder, og god informasjon og skilting som sikrar trygg og miljøvenleg ferdsel. Aktivt samarbeide med ulike organisasjonar om slike tiltak.
Arbeide aktivt for å skape Bli-lyst i dei fire bygdelaga.	• Gjere kommunen attraktiv gjennom å gjere det mogleg å bu i heile kommunen. • Vere ein pådrivar for meir aktivitet som skaper samhald mellom dei fire bygdelaga. • Tilby innbyggjarane i dei fire bygdelaga grunntenestetilbod og sikre rekruttering av relevant kompetanse. • Sikre bustadar som er øyremerka fastbuande, til dei som vil etablere seg på bygda. Der er for mange bustadar i bygdelaga som er fritidsbustadar og som er knytt til turisme. • Meir målretta omdømmebygging og vise folk utanfrå kor attraktivt det er å bu og jobbe i Stranda kommune.
Vere ein pådrivar for å byggje leilegheiter for eldre som legg til rette for samhald og fellesskap.	• Arbeide for attraktive leilegheiter med felles grøntområde, opphaldsrom eller sosiale møtestadar som skaper aktivitet, samhald og trivsel for eldre. Tiltak som kan førebyggje einsemd. • Vurdere ombruk og oppgradering av eksisterande bygg. • Samarbeide med private utbyggjarar og næringsliv, dialog med eldreomsorg i utbygging. • Leggje til rette for at eldre skal kunne bu i eigen bustad for å bestemme meir i eigne liv.
Kommunen skal til ei kvar tid ha byggeklare tomter i attraktive områder.	• Leggje til rette for bustadbygging der folk ynskjer å bu, oppdatere reguleringsplanar. Unge i etableringsfasen skal kunne realisere bustaddraumen i Stranda kommune. • Arbeide for fleire byggjeklare og attraktive tomter med god utsikt.
Vere ein pådrivar for å byggje attraktive gjennomgangsbustadar.	Leggje til rette for å kunne arbeide på Stranda og prøve å bu her i bustadar med rimeleg leige. Vurdere ombruk og ombygging av eksisterande bygningar.

6 Born og unge- Stranda kommune skal gi born og unge ein god og trygg oppvekst

«For å flytte tilbake til Stranda må du ha hatt ein god oppvekst her – elles kjem du ikkje tilbake».

Sitat politikar Stranda Kommune

Kva meiner innbyggjarane i Stranda kommune at ungdommen treng
○ Fleire tilbod for ungdom. Kanskje det kan gjer at ein unngår at mange begynn med rusmidlar? ○ Invester i ungdomen og born. ○ Visst dei ikkje trivast på Stranda, flyttar dei til andre plassar når dei blir vaksne. ○ Etablere ungdomsklubb med E-sport idrettslag. ○ Arrangere fleire kultur- og fritidstilbod for born og unge.

Situasjonen i dag

Ungdommen på Stranda meiner at fleire fritidsaktivitetar kunne ha fremma leik, trivsel og samhald mellom barn og unge. Dette gjeld og ikkje-aktive fritidsaktivitetar som musikk, kunst og f.eks. e-sport. Ungdommen opplever at dei har relativt få fritidsaktivitetar å velje mellom, som ikkje er handball eller fotball. Dei siste åra har vi f.eks. fått ping-pong trening for både unge og litt eldre i Vestborghallen som er eit godt initiativ. Elles er det fotball og handball Stranda har satsa på for unge. Mange er ikkje interesserte i desse sportane og har derfor ikkje ein aktiv fritidsaktivitet å vere med på. Unge i Stranda sakna fleire urbane kvalitetar som bryggje på badestranda og fleire kulturelle tilbod for born og ungdom slik som konsertar, teaterframsyningar og andre kulturarrangement. Ungdommen på Hellesylt saknar butikkar og liv i sentrum.

Born og unge på Stranda meiner at her er fleire utrygge skulevegar, slik som Ossvingane der er smal veg, mange svingar, høg fart og mange lastebilar. Borna opplever det som farleg å gå her. Helsemvika har også lite sikt, eit gangfelt å gå på ville ha vore tryggare. På Hellesylt meiner ungdommen at der er alt for få overgangsfelt frå sentrum og opp i bygda, som skapar mange farlege situasjonar. Ungdommen på Hellesylt saknar kollektivtilbod, i Stranda ynskjer dei seg rimelegare kollektivtransport, mange familiar har ikkje råd til månadskort og difor må borna gå til og frå skule.

Born og unge i Stranda meiner at kommunen må arbeide meir med psykiske helseutfordringar blant born og unge. Tiltak kommunen kan gjere er å leggje til rette for god tilgang til natur og grøntområdet og fleire leikeplassar der dei kan møtast etter skule. Sosiale møteplassar som idrettsanlegg, ungdomsklubb og bibliotek må vere opent oftare og ein må arrangere fleire arrangement på slike arenaer. Dei foreslår at skulen bør gjennomføre målretta program som fokuserer på mental helse, trivsel og meistring. I tillegg bør lågterskeltilbod slik som helsestasjon for ungdom, rådgivingstenester og miljøarbeidar i skulen bli meir tilgjengeleg. (Det er ungdom frå Stranda som har utalt seg og skrive delar av teksten).

I planperioden skal vi arbeide mot følgjande:

Mål: Born og unge	Strategi (Dette skal vi gjere).
Eigen aktivitetskalender for born og unge.	• Samarbeide med frivilligheitssentralen om å samle tilbod og fritidsaktivitetar i ein felles portal, eigen aktivitetskalender for born og unge på istranda.no. Her er mange tilbod til ungdom, men det er lite informasjon om dei.
Samarbeide med frivilligheitssentralen om innsats innmot born og unge.	• Støtte oppunder og samarbeide med frivilligheitssentralen om prosjektet: Koordinering av lokalt arbeid for innsats mot born og unge 2024-2026.
Støtte oppunder og leggje til rette for eit meir variert fritidstilbod for born og unge	• Støtte oppunder arbeidet med ungdomsklubb i Stranda- Aktiv tilrettelegging for deltaking av ungdom frå dei fire bygdelaga. • Fleire fellesarrangement for born og unge i gode prisklasser evt. gratis, open hall er eit godt eksempel, men kan gjerne skje oftare enn ein gong i månaden. • Leggje til rette for aktivitetar som ikkje er sport. Eksempel verkstadar for born og unge (maling, flettekurs, teiknekurs, evt. andre). Kommunen kan stille med lokalar. • Støtte oppunder fleire kulturelle tilbod for ungdom slik som konsertar, teaterframsyningar og andre kulturarrangement. E-sport idrettslag.
Betre kollektivtilbod for ungdom	• Arbeide mot å finne løysingar saman med dei private buss/ferje selskapa om gunstige transportordningar for ungdom i Stranda. Leggje til rette for at dei kan bruke heile kommunen. Infrastruktur og kollektivtransport er ei stor utfordring i kommunen, særleg for ungdom på Hellesylt, Liabygda og Geiranger.
Sikre trygge skulevegar	• Arbeide målretta med å sikre trygge skulevegar.

7 Integrering- Sikre at innvandrarar buset seg permanent og får tilknyting til staden.

«Ungane lærer norsk men ikkje foreldra deira, det gjer at foreldra ikkje deltek i lokalsamfunnet. Inkludering og språkopplæring er viktig».

Sitat politikar Stranda kommune

Kva meiner innbyggjarar om innvandrarintegrering
○ Det er flott at her er mangfald. ○ Vi treng fleire ressursar til integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrar i kommunen. ○ Ynskja situasjon: Betre integrering slik at alle kan delta i lokalsamfunnet. Viktig at born blir gode i norsk. ○ Det må vere krav om å bruke norsk i industrien slik at dei som arbeider der kan delta meir aktivt i lokalsamfunnet. Spesielt viktig for dei som har born her og har slått seg ned. ○ Her er 25% innvandring. Vi vil ha dei i bygda, men det er ei utfordring at dei ikkje lærer seg norsk.

Bilete: Flyktningtenesta på tur (Stranda kommune).

Situasjonen i dag

Stranda kommune tek imot mange flyktningar og har ein relativt stor arbeidsinnvandring frå Aust Europa. Innvandrarpopulasjonen ligg dermed over gjennomsnittet for fylket. Dei fleste innvandrarane i kommunen kjem i dag frå Ukraina, Litauen og Polen. Integrering av både arbeidsinnvandrarar og flyktningar er ei utfordring som må handterast for å sikre at folk buset seg permanent og får tilknyting til staden. Dette gjeld særskild i arbeidslivet, men også i skulen, helsetilbod, fritid og andre sentrale arenaer.

Innvandrarar og flyktningar er sårbare for barnefattigdom, helse- og sosiale skilnadar. Stranda kommune manglar støtteapparat for familiar som treng ekstra hjelp. Forventningane er i aukande grad at skulen skal spele ein større rolle i problema til barn og unge knytt til fritid, familie og livsstil. Den største utfordringa her er mangel på språkferdigheiter og språkopplæring, særleg blant foreldre, og der arbeidsinnvandrarane er den gruppa som har dårlegast språkferdigheiter. Det er i dag lite samarbeid mellom kommunen, industrien og dei private bedriftene om språkopplæring. I tillegg deltek flyktningar og arbeidsinnvandrarar i liten grad på kulturelle arrangement i lokalsamfunnet. Deltaking i lokalsamfunn og frivilligheit kan vere viktige arenaer for integrering og for å betre språkferdigheiter. Stranda kommune er ein nynorskkommune og nynorsk bør vere prioritert i språkopplæring. I planperioden skal vi arbeide mot følgjande:

Mål: Innvandrarintegrering	**Strategi (Dette skal vi gjere).**
Betre språkopplæring for flyktningar og arbeidsinnvandrarar.	• Fleire ressursar til nynorsk språkopplæring. • Arbeide tettare med NAV om å finne gode ordningar. • Betre samarbeid med næringslivet om å integrere arbeidsinnvandrarar i lokalsamfunnet. • Industrien og bedriftene som har mykje arbeidsinnvandring må leggje til rette for nynorsk språkopplæring og sette større krav om språkkompetanse.
Fleire fleirspråklege kulturtilbod.	• Oppmode til å arrangere fleire fleirspråklege kulturtilbod. • Aktivisere innvandrarbefolkninga til å arrangere, involvere dei i arrangement, samarbeid med kommune og frivilligheitssentralen.
Aktivitetsportal i Stranda på fleire språk (istranda.no).	• Arbeide for at aktivitetar vert annonsert på fleire språk. Deltaking i lokalsamfunnet gir betre integrering og språkopplæring.
Legge betre til rette for tverrfaglege samarbeid i Flyktningtenesta.	• Fleire ressursar til Flyktningtenesta, NAV, Helsestasjon og psykisk helsevern slik ein i større grad kan bygge opp laget rundt flyktningen.
Betre økonomiske støtteordningar og foreldrerettleiing for innvandrarar.	• Betre støtteordningar til familiar med dårleg økonomi og etablere lågterskeltilbod til foreldre som treng rettleiing. • Arbeide førebyggande i forhold til barneoppdraging.
Legge betre til rette for at flyktningar kan busette seg i dei fire bygdelaga	• Arbeide fram gode ordningar med å finne ledige bustadar i dei fire bygdelaga. • Utvide kollektivtilbodet.

Miljømessig berekraft:

Stranda kommune ligg i eit verdsarvområde, eit område som blir rekna som særs viktig for natur- og kulturhistoria i verda. Det gjer at Stranda kommune har ei viktig rolle som forvaltar og utviklar av kommunesamfunnet i ei berekraftig retning som tek vare på natur, artsmangfald, miljø, friluftsliv og kulturarv. Stadsettinga legg sterke føringar for at kommunen må sikre naturverdiar og ressursar gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging. Kommunen har både sårbare fjordsystem, lakseførande vassdrag, fjell og friluftsområde og landbruksområde som vi må ta vare på til komande generasjonar. For å arbeide mot betre miljømessig berekraft i Stranda kommune har politikarar, administrativt tilsette og innbyggjarar valt å arbeide med å legge til rette for energieffektivisering, redusere klimagassutslepp og luftforureining gjennom eit grønt industriløft. Vi skal arbeide for å ta vare på dyrkbarmark og unngå utbygging av karbonrike areal (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2023). Eit systematisk arbeid med å fylgje opp miljømessige berekraftsmål i samfunn- og arealplanlegging vil styrke tilgangen på natur, miljø og friluftsliv for komande generasjonar.

8 Natur, miljø og friluftsliv: Ein betre balanse mellom miljøomsyn og utvikling av lokalsamfunn

«Vi må få ein betre balanse mellom miljøomsyn og utvikling av lokalsamfunn».

Sitat politikar Stranda kommune.

Kva meiner innbyggjarane i Stranda om Natur, miljø og friluftsliv
○ Ikkje bygg ned dyrkamark. Det kan komme ein dag der behovet for sjølvforsyning av mat er større enn i dag... ○ Ikkje gi meir areal til hyttebygging. Bygg heller tettare der det allereie er laga plass til hytter. ○ Vi må ta vare på naturen vår. Støtt opp om tiltak for born og unge som bidreg til auka fysisk aktivitet i naturen. ○ Vi må ta vare på naturen og landbruket. ○ Ta vare på «urørt natur». Avgrense motorisert ferdsel i utmark.

Bilete: Landbruk i Liabygda -Stranda kommune (Stranda kommune).

Situasjonen i dag

Stranda kommune er ei kommune med mange sårbare og verneverdige naturressursar. Verdsarven er viktig for kommunen og Stranda er ei av seks kommuner som tek del i forvaltningsansvaret for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap. Det gjer at vi må ta omsyn til natur- og miljø som ein viktig premissleverandør i samfunnsutvikling. I planperioden vil vi arbeide mot gode reguleringsplanar som sikrar nok «grøne lunger» og stiar/gangvegar, der ein sikrar tilgang til samanhengande grøntareal og friluftsliv. Vidare skal kommunen arbeide for å fylgje opp miljømessige berekraftsmål i samfunn- og arealplanlegging med mellom anna å arbeide for ein betre balanse mellom miljøomsyn, verne naturressursar og artsmangfald i utvikling av lokalsamfunn, og stimulere og leggje til rette for grønnæringsutvikling.

Vi må verne sårbare naturressursar i landbruket gjennom tiltak og arealforvaltning, der formålet må vere å ta vare på dyrkbarmark og stimulere til lokal matproduksjon. Utbygging av bustadar bør skje i områder som er lite eigna til jordbruk og matproduksjon. Turismen og hytteutbygginga i Stranda er også eit miljøproblem og vi ynskjer å legge føringar gjennom plan som sikrar vern av natur i utbygging av område for turisme og hytter. Kommunen må samarbeide tettare med næringslivet om eit grønt industriløft, som er eit av fleire satsingsområde i regional planstrategi for Møre og Romsdal fylke (2025-2028). I planperioden skal vi arbeide mot følgande:

Mål: Balanse mellom miljøomsyn og lokalsamfunnsutvikling	Strategi (Dette skal vi gjere).
Styrke verdsarven gjennom kunnskapsbygging og god forvaltning	• Auka kunnskapen om verdsarven og fokus på lokalsamfunnsutvikling der vi legg omsynet til natur- og miljø som ein viktig premissleverandør. • Styrke verdsarven gjennom kunnskapsbygging og god forvaltning, slik at han òg skal vere ein verdiskapar i kommunen vår.
Samanhengande grøntareal og områder for friluftsliv i reguleringsplanar.	• Samordne reguleringsplanar der ein sikrar nok «grøne lunger» og stiar/gangvegar. • Legge til rette for turvegar med universell utforming. • Stranda skal ha eit rikt friluftsliv som skal sikrast gjennom plan.
Satsing på grønindustri og grønnæringsutvikling.	• Etablere eigne reinseanlegg for næringsmiddelindustrien. • Oppmode industrien og private bedrifter til å samarbeide om grønnæringsutvikling, miljøfyrtårn bedrifter. • Samarbeide tettare med fylkeskommunen og statsforvaltar om satsinga grønnæringsutvikling i Møre og Romsdal.
Verne sårbar natur- og artsmangfald gjennom tiltak og arealforvaltning.	• Betre renovasjonshandtering/ordningar for Geiranger og turistdestinasjonar. • Etablere god dialog med oppdrettsnæringa og finne løysingar for landbasert lakseoppdrett. • Arealbruk langs vassdrag må vurderast i eit meir langsiktig perspektiv jf. Vassforvaltningsplanen. Kommunen må sikre bruks- og verneverdien i lakseførande vassdrag, reduserer nedbygging og utfylling av vassdrag og vurdere tiltak som kan verne om aure, villaks og sjøaure, samt ål og elvemusling. • Ta i større grad omsyn til vassmiljø i arealforvaltning jf. Vassforvaltningsplanen. • Alle avløpsanlegga i kommunen skal oppfylle forureiningsforskrifta sine reinsekrav slik at vi kan nå miljømåla innan 2027, og seinast innan 2033. • Ta vare på naturen der det er stor ferdsel (steinar og stokkar der ein kan gå). • Arbeide strategisk med vern av naturmangfald, verdifulle naturtypar, artar og kartlegge eventuelle truslar mot verneverdiane. • Nytte verneverdiane og vernestatusen inn mot lokalsamfunnsbygging.
Identifisere, verne, bevare, formidle og overføre kultur- og naturarven til framtidige generasjonar	• Å gi arven ein funksjon i lokalsamfunnet. • Integrere vern av natur i planlegging. • Kartlegging av naturtypar, artsmangfald, kulturminne og sårbare område. • Gjer grundige konsekvensutgreiingar for tiltak som kan påverke natur og kulturverdiar innanfor, men også i randsona til vernegrensene. • Gjer tydelege prioriteringar der det er vanskeleg å foreine utbygging og vern. • Arbeide for å oppretthalde og auke talet på beitande dyr både på innmark og utmark.

Ta vare på landbruket til komande generasjonar.	• Ta vare på dyrkbarmark og stimulere til lokal matproduksjon. Utbygging av bustadar bør skje i områder som er lite eigna til jordbruk og matproduksjon. • Etablering av kantsoner for redusere avrenning og betre gjødselhandtering. • Innføre lokale retningsliner for godkjenning av storleik på fritidseigedomar i LNF-område og område der det ikkje er krav om regulering. • Sikre landbrukets langsiktige behov for produksjonsareal gjennom plan. • Informasjon og seminar om gunstige støtteordningar i landbruket, moglegheiter knytt til utvikling av nye næringar innanfor landbruk, turisme som attåtnæring, miljøutfordringar. Etc.
Redusere trafikkstøy gjennom arealplanlegging	• Redusere trafikkstøy og støyproblem gjennom konkrete tiltak i arealplanlegging. • Bustadar, skular, barnehagar m.m. bør det planleggast for å redusere trafikkstøy.

9 Samfunnstryggleik og beredskap: Vi må vere førebudd på å møte klimaendringar

Bilete: Stranda beredskapssenter (stranda.kommune.no)

Situasjonen i dag

Kommunebiletet til statsforvaltaren (2024), viser at Stranda bør oppdatere beredskapsplanar og ROS-analyser for å sikre heilskapleg og systematisk arbeid med beredskap og samfunnstryggleik. Vi må planlegge betre for auka risiko for krig og terror, og førebu Stranda kommune på å møte klimaendringar i framtida. Det er viktig å legge til rette for utbygging på trygge areal og at vi vel løysingar som er dimensjonert for klimaendringar. Risiko- og sårbarheitsanalysar bør ligge til grunn for plan- og byggesakshandsaming som i eit lenger perspektiv kan vere meir økonomisk berekraftig. Stranda kommune er særleg utsett med tanke på ras og flaumbølgje frå Åkneset. DSB og NVE har ansvaret for beredskapsplanar, ROS-analysar og overvaking av Åkneset, dei kommunale beredskapsplanane bør difor samordnast med aktørane for å sikre ei god oppfølging. I planperioden ynskjer vi å arbeide med følgjande:

Mål Systematisk arbeid med beredskap og samfunnstryggleik	**Strategi (Dette skal vi gjere)**
Heilskapleg og systematisk arbeid med beredskap og samfunnstryggleik.	• Revidere heilskapleg ROS-analyse for kommunen. • Styrke helseberedskapen i kommunen og vere førebudd på pandemi. • Sikre gode system for varsling, styrke samarbeidet med politi om evakueringsplanar og evakueringsområder. • Betre samarbeidet om beredskapsplanar i fjordsystemet med bakgrunn i store bevegelsar i Åkneset.

Sikre kritisk infrastruktur og evne til å utføre kritiske samfunnsfunksjonar.	• Arbeide med å sikre drikkevatn, avløp og straumforsyning, infrastruktur og kritiske transportaksar, person, IKT og EKOM-sikkerheit gjennom beredskapsplanar.
Førebu Stranda kommune på å møte klimaendringar i framtida og redusere risiko og sårbarheit knytt til klimaendringar.	• Kartlegge konsekvensar av klimaendringar for kommunen og auke kunnskap om sårbare områder. • Planlegge for auka nedbør og meir ekstremvær. God nok dimensjonering av overvassleidningar og sikre tilstrekkeleg drenering for endringar i klima, ekstremvær, styrtregn etc. • Utarbeide kriseplanar for praktisk gjennomføring ved isolasjon (bygder/ grender/gardsbruk) med tanke på ekstremvær og jord/steinras). • Planlegge for handtering av ekstremtørke, ekstremnedbør, overflatevatn, skogbrann og skred. • Sørge for opne vassvegar med stor nok dimensjon av grøfter og stikkrenner. Grøfting der det kan vere fare for jordras.
Planlegge og legge til rette for ein robust mat- og forsyningsberedskap.	• Bevare dyrkbarmark og marine naturressursar. • Stimulere og gi informasjon til innbyggjarar om å auke eigen matproduksjon. • Samarbeide med Sykkylven om REKO-ring eventuelt mobilisere til ein REKO-ring i Stranda. • Samarbeide med nabokommunar og lokalt næringsliv om å sikre forsyningskjeder.
Å kunne handtere tilsikta hendingar ved brann og redning.	• Forebygge brann og ulykker blant innbyggarar. • Følgje opp HMS- mål – ingen skadde på jobb i brannvesenet. • Styrke beredskapsplanar og samarbeid med nabokommunar om industribrann, skogbrann og hotellbrann. • Førebu og styrke rutinar for å bistå ved brann i turistskip. • Førebu og styrke rutinar for å bistå ved trafikkulykker.

Referansar

Arnstein, S. R. (1969). A Ladder Of Citizen Participation. Journal of the American Institute of Planners, 35(4), 216–224. https://doi.org/10.1080/01944366908977225

KS, (2007) Bærekraftig kommuneøkonomi. Lese: 20.08.2024. https://www.ks.no/contentassets/6c2ecded9b384e3e9985c91d572894d8/rapport.pdf

Kommunal- og distriktsdepartementet (2023). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027.* https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/nasjonale-forventningar-bm.pdf

Kommunal- og distriktsdepartementet (2024). *Rundskriv om plan- og bygningsloven (plandelen).* https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/veiledning/rundskriv_planlegging/id2472322/

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021). *Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven.* https://www.regjeringen.no/contentassets/7690c4787f0841d1a24fd44e9c3be4cb/no/pdfs/h-2487-b-konsekvensutredning.pdf

KS (2018). *Samskapende sosial innovasjon*. https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/framtidas-kommune/samskapende-sosial-innovasjon/

Miljøverndepartementet (2012). *Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen.* https://www.regjeringen.no/contentassets/493007ab4f9349a295a34982f77173ec/t-1492.pdf

Møre og Romsdal fylkeskommune (2024). *Regional planstrategi Møre og Romsdal 2025-2028.* https://pub.framsikt.net/plan/mrfk/plan-f20ed2ac-a744-4128-807d-cb8536fb3b25-18073/#/generic/summary/75eb4817-7a8a-4011-b264-614342a97ff1

Nordlandsforskning (2023). *Field of goals: Co-production and implementation of the Sustainable Development Goals in regional and local planning*. https://nordlandsforskning.no/nb/project/field-goals-co-production-and-implementation-sustainable-development-goals-regional-and

PBL (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).* (LOV-2008-06-27-71). https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2024). *Kommunebiletet Stranda kommune.* https://kommunebilde.statsforvalteren.no/15/f9d723b8-3e23-4fde-bbc9-3d777d38ae03/hovedbilde

Stranda kommune (2024). *PLANSTRATEGI 2025 – 2028 Stranda kommune* (Ikkje vedteken).

Stranda kommune (2019). *Kommuneplan for Stranda kommune 2019 – 2031- Samfunnsdel.* https://www.stranda.kommune.no/tenester/bygg-plan-og-eigedom/plan/kommuneplan-samfunnsdelen-2019-2031/

Transportøkonomisk institutt (2023). Mikrourbanisme på norsk. Rapport: 1947/2023/ https://www.regjeringen.no/contentassets/b8c6c4c058764f6dba993a31d38c691d/mikrourbanisering-pa-norsk-eksempelsamling-toi-rapport-1947_2023.pdf

Transportøkonomisk institutt (2024). *CITYCENTRE: Planning, knowledge and collaboration for developing vibrant and attractive city centres.* https://www.toi.no/citycentre/